




Møre og Romsdal  
fylkeskommune

# Molde vgs.

Årsmelding skoleåret 2022–23



# Innholdsliste

<b>1. Rektor har ordet</b>	<b>2</b>
<b>2. Nøkkelopplysningar om skolen</b>	<b>4</b>
2.1 Organisasjonen	4
2.2 Utdanningsprogram og elevtal	6
2.3 Inntak vg1 - føresetnader	7
<b>3. Læringsmiljø</b>	<b>8</b>
3.1 Skolen sine kommentarar og analyse av resultat frå Elevundersøkinga	8
3.2 Skolen sine kommentarar og analyse av læringsmiljøet	10
3.3 Skolen sine kommentarar og analyse av vurderingspraksis, elevdemokrati og medverknad	12
<b>4. Skoleårsresultat</b>	<b>12</b>
4.1 Fullført og bestått - skoleårsgjennomføring	12
4.2 Karaktersnitt	14
4.3 Fråvær	15
4.4 Elevar som har slutta	16
4.5 Overgangar	17
<b>5. Leiing og profesjonsutvikling</b>	<b>21</b>

# 1. Rektor har ordet

Molde vidaregåande skule hadde i skuleåret 2022–2023 totalt 678 elevar fordelt på fem utdanningsprogram: Studiespesialisering (inkl. toppidrett); kunst, design og arkitektur; musikk, dans og drama (inkl. landslinje for jazz); innovasjon og leining og påbygging til generell studiekompetanse etter yrkeskompetanse.

## Leining og administrasjon

Skolen har hatt fokus på å vidareutvikle profesjonsfelleskapa i leining og stab, gjennom fokus på tenesteproduksjon på rett nivå, fokus på pedagogisk leining og ein høgkompetent stab. 1. januar 2023 gjorde skulen nokre organisatoriske endringar ved at det vart det etablert ei eiga avdeling for elevtenester og ei eiga stabsavdeling. Dette fordi me ser eit stort behov for at effektive og kompetente profesjonsfelleskap kan arbeide målretta saman innanfor desse områda.

## Streik

Molde vgs. var ein av skulane som vart hardest råka av lærarstreiken hausten 2022. I nesten 6 veker gjekk store delar av undervisinga ved skulen ut, og etterverknadane av dette prega resten av skuleåret. Totalt var 40 lærarar og 3 leiarar ved skulen tekne ut i streik, 4 av desse fekk heilt eller delvis dispensasjon. Det vart sett inn ei rekkje tiltak for å gjere skulekvardagen til elevane så god som mogleg, og ved hjelp av kompenserande tiltak i etterkant greidde skulen å sikre eit tilfredsstillande læringsutbytte for dei aller fleste. Likevel var dette ein lammande start på skuleåret som prega arbeidsmiljøet og læringsmiljø ved skulen i lang tid. Mange av dei planlagde aktivitetane og satsingsområda ved skulen måtte avlysast/skalerast ned som følgje av streiken.

## Pedagogisk arbeid

Vurdering har vore det overordna satsingsområdet til skulen dette skuleåret, og dette har vore eit gjennomgåande tema i både fagseksjonar og faglag. Skulen har hatt eit Dekomprosjekt med Høgskulen i Volda knytt til norsk munnleg, og dei ulike fagseksjonane har samarbeidd med andre skular i Romsdalsregionen om vurdering i fleire fag. Våren 2023

skulle elevane våre for fyrste gong ha eksamen, etter fleire år med avlysingar som følgje av koronapandemien. Fagseksjonane har difor arbeidd særleg med eksamensførebuingar, slik at eksamensopplevinga skulle bli så trygg og god som mogleg for elevane. Dessverre vart den største eksamensdagen, norsk hovudmål 22. mai, råka av omfattande IT-problem, noko som gjorde at mange fekk eit ugreitt møte med sin fyrste eksamen.

## Skulemiljø

Molde vgs. har dei siste åra lagt ned mykje arbeid i skulemiljø, m.a. ved å etablere eit profesjonelt miljøteam. Ein har hatt eit auka fokus på kontaktlærarrolla og bruk av kontaktlærartid, og ein brukar makkerskap som metode i alle grupper. Miljøteam har fått eit særleg ansvar for å følgje opp avgangselevane/russen, noko som har fungert svært godt. Miljøteam har også ansvar for å arrangere hybelkveldar, spelegrupper og sosiale aktivitetar som t.d. påskeeggjakt og FIFA-turnering. Under streiken serverte miljøteam gratis varmmat i kantina 1-2 dagar i veka.

## Elevdemokrati

Me har arbeidd mykje med elevdemokrati, og har eit aktivt elevråd som har god dialog med både rektor og kontaktpersonen for elevrådet. Arbeidet med inkluderande avgangsmarkering har vore eit fokusområde dette skuleåret, med tett samarbeid mellom elevar og miljøteam. Etter fleire år utan deltaking på OD-dagen, har elevrådet meldt Molde vgs. på OD skuleåret 23-24.

Takka vere stor innsats frå heile personalet, både pedagogisk tilsette og tilsette i andre funksjonar, og ikkje minst dei positive, engasjerte og dyktige elevane våre, har me greidd å kome i mål med gode resultat og gjennomføring, trass i ein tøff start på skuleåret.

Marianne Gjelstenli Anderson


Fungerande rektor

# 2. Nøkkelopplysningar om skolen

## 2.1 Organisasjonen

Tal på årsverk pedagogisk tilsette	57,25
Tal på årsverk i leiarstillingar	6,8
Tal på årsverk andre tilsette	14,86

Molde vidaregåande skule vert leia av rektor. Han er arbeidsgjevars representant og har det overordna ansvaret for verksemda til skulen, m.a. pedagogisk, personal- og administrativ leiing. Rektor har personalansvar for leiargruppa, som er assisterande rektor og fem avdelingsleiarar. Assisterande rektor er rektor sin avløysar, men har i tillegg eit særleg ansvar for den pedagogiske verksemda ved skulen. Fram til omorganiseringa 1. januar leidde ass. rektor avdeling for elevtenester. Kvar avdelingsleiar har fag- og personalansvar på sine område, i tillegg til ei rekkje avdelingsovergripande ansvarsområde, m.a. trinnansvar.



Heile skuleleiinga er samlokalisert i H-fløya i skulen og samarbeider tett i det daglege. Me har ei overordna målsetting om å leggje til rette for eit inkluderande skulemiljø med fokus

på elevane si læring og utvikling, der behova og føresetnadane til kvar elev vert ivaretekne. Her er skulen sitt pedagogiske leiarteam, Pedteam, leia av ass. rektor, det sentrale forumet der me sikrar ei einskapleg pedagogisk leiing av verksemda. I Pedteam sit også leiar for ressursteam, som bygg den sosialpedagogiske brua mellom elevar med særskilte behov og eksterne ressursar som PPT og helsesjukepleiar.

Dei aller fleste av lærarane ved skulen har to til tre undervisingsfag, fag som ofte ikkje høyrer til same avdeling. Det vil seie at mange av lærarane våre tilhøyrer ein fagseksjon som vert leidd av ein annan avdelingsleiar enn den som har det direkte personalansvaret for vedkomande. I tillegg skjer mykje av skulen si faglege didaktiske og pedagogiske utvikling innanfor lokale profesjonelle læringsfellesskap, såkalla faglag. Desse er lærarstyrte, og også her er det vanleg at lærarar frå ulike avdelingar deltek. Slik får skulen ein dynamisk organisasjonsform, der tilsette samarbeider mykje på tvers, noko organisasjonskartet forsøker å få fram.

Utover dette søkjer me å ivareta elevane gjennom strukturerte trekantsamtalar, eit tretrinnsystem der først kontaktlærar og alle faglærarar i klassen går gjennom dei ulike utfordringane, før dette vert teke vidare til møte mellom kontaktrådgjevar i klassen og ein skuleleiar, og deretter til rektor. Slik får skuleleiinga raskt og sikkert ei god oversikt over heile elevmassen og kan sjå samanhengar i det heilskaplege utfordringsbiletet, samtidig som ein arbeider på ein strukturert måte for å ivareta behova til einskildelevar.

Avdeling for elevtenester og stabsavdelinga sikrar eit fellesskap for dei ikkje-pedagogiske tenestene som ligg tettast opp til elevane. Dette skjer gjennom avdelingsmøte og møte i ressursteam. Avdeling for elevtenester utgjer saman med ass. rektor skulen sitt innsatsteam mot mobbing (SIM).

Ved skulestart hadde skulen 84 tilsette. I tillegg hadde to driftsteknikarar frå Bygg- og eigedomsavdelinga (BYE) Molde vgs. som sin daglege arbeidsplass. Også oppfølgingstenesta v/Astrid Pedersen, pedagogisk-psykologisk teneste v/Anne Berit Lerheim og Molde kommune si helsesjukepleiarteneste v/Marthe-Lise Riksfjord hadde fast

kontortid ved skulen. Dessutan underviste 20 lærarar ved Molde kulturskule våre elevar på utdanningsprogram for musikk, dans og drama i utøvande musikkfag gjennom samarbeidsavtalen med kommunen.

Med andre ord, inkludert eksterne samarbeidspartnarar var totalt 109 personar skuleåret 2022-2023 med på å realisere skulen sine mål.

Ved skulestart hadde Molde vgs. 63 tilsette i pedagogisk stilling. I alt var me 63 kvinner og 21 menn tilsett ved skulen.

## 2.2 Utdanningsprogram og elevtal

Skulen hadde skuleåret 2022-2023 fem utdanningsprogram, alle studieførebuande. Dei 678 elevane ved skulen fordelte seg slik på utdanningsprogram:

Utdanningsprogram	Vg1	Vg2	Vg3	Vg4	Total
Kunst, design og arkitektur	23	13	13		49
Musikk, dans og drama	23	14	27		64
Innovasjon og leiing	14	12	15		41
Studiespesialisering	150	169	169	16	504
Påbygging (PB4)			20		
Total					678

Tal på elevar med vedtak om særskilt språkopplæring	16
-----------------------------------------------------	----

Utdanningsprogrammet Innovasjon og leiing (IL) vart flytta frå Romsdal vgs. til Molde vgs. hausten 2022. Dette utdanningsprogrammet bygg på eit yrkesfagleg løp (SSR), men er lagt opp slik at elevane tek eit Vg3-år som gjev studiekompetanse etter Vg1 og Vg2.

Påbygging til generell studiekompetanse etter yrkeskompetanse (PB4) vart også flytta frå Romsdal vgs. til Molde vgs. hausten 2022.

Studiespesialisering er det største utdanningsprogrammet ved skulen, med 5 ½ klasse pr. trinn. Skulen har også eit toppidrettstilbod, der elevar som satsar på idrett på høgt nivå kan bruke fire år på studiespesialisering. Dette gjer at dei får frigjort tid på dagtid til organisert trening, eigentrening eller skulearbeid som frigjev tid til trening utanfor skuletid.

Historisk sett har normalen på kunst, design og arkitektur vore ½ klasse pr. trinn, men i år var dette tilbodet så populært at ein justerte kapasiteten til ein full klasse i Vg1. Musikk, dans og drama har som vanleg ein klasse pr. trinn, der inntil 9 plassar på kvart trinn kan brukast til landslinje for jazz.

## 2.3 Inntak vg1 – føresetnader

### 2.3.1 Karakterpoengsum frå grunnskolen

	2021-22	2022-23	Fylket 2022-23
0 eller ingen	0,6 %	1,6 %	2,9%
0 - 25	0,2 %	0,3 %	1,3%
25 - 30	0,2 %	0,7 %	3,8%
30 - 35	1,4 %	2,4 %	9,6%
35 - 40	8,5 %	7,8 %	15,2%
40 - 45	22,2 %	19,6 %	22,4%
45 - 50	29,5 %	29,2 %	23,3%
Over 50	36,3 %	38,3 %	21,4%

### 2.3.2 Karakterpoengsum frå grunnskolen siste fem år

	2018-19	2019-20	2020-21	2021-22	2022-23
Molde vgs	45,3	45,8	46,8	47,5	47,4
Fylket	41,5	41,8	42,4	42,9	43,3



### 2.3.3 Skolen sine kommentarar og analyse

Som ein ser av tabellane i 2.3.1 og 2.3.2, har Molde vgs. relativt sett få elevar med låge inntakspoeng. Ein kan merke seg ei auke i gruppa som har 0 eller ingen poeng frå skuleåret 21-22 til 22-23. Dette skuleåret var det langt fleire elevar enn før som hadde svært høgt fråvær i ungdomsskulen. Kva årsakene til dette kan vere, er vanskeleg å seie, men éi mogleg forklaring kan vere at auke i elevar med ufrivillig skulefråvær auka under pandemien. Arbeidet med å sørge for ein god overgang til vgs. og å tette faglege hol har difor vore særleg viktig dette skuleåret.

Elles viser tala at dei aller fleste elevane i Vg1 ved Molde vgs. kjem inn med høge grunnskulepoeng. 87,1 % av elevmassen har 40 poeng eller meir. Dette er eit svært godt utgangspunkt for å kunne gjennomføre eit studieførebuande løp i vidaregåande. Samstundes veit me at grunnskulepoeng og karakterar berre er éin del av biletet, og at det finst mange i denne gruppa som har behov for tett oppfølging knytt til psykisk helse og sosialpedagogiske utfordringar.

Når ein ser på utviklinga frå 17-18 og fram til 22-23, ser ein ein generell tendens til at grunnskulepoenga aukar. Samstundes veit me at pandemiåra jamt over førte til lågare læringstrykk og læringsutbyte, og at avlyst eksamen truleg har ført til kunstig høge poengsummar. Det er difor grunn til å tru at dette vil jamne seg ut i åra som kjem.

## 3. Læringsmiljø

[Sjå resultat frå Elevundersøkinga her.](#)

### 3.1 Skolen sine kommentarar og analyse av resultat frå Elevundersøkinga

Under følgjer resultat frå hovudindikatorane i Elevundersøkinga for skuleåret 22-23 samanlikna med 21-22, ein figur pr. trinn.

### Læringsmiljø vg1-vg3 endring fra fjoråret etter Enhet


Velg skole og trinn

Enhet: Molde videregående skole  
 Trinn: Vg1

Snitt på hovedgruppe spørsmålene for Molde videregående skole

Skoleår: ● 2021-22 ● 2022-23

Til forsiden



### Læringsmiljø vg1-vg3 endring fra fjoråret etter Enhet


Velg skole og trinn

Enhet: Molde videregående skole  
 Trinn: Vg2

Snitt på hovedgruppe spørsmålene for Molde videregående skole

Skoleår: ● 2021-22 ● 2022-23

Til forsiden



## Læringsmiljø vg1-vg3 endring fra fjoråret etter Enhet

Velg skole og trinn

Enhet

Molde videregående skole


Trinn

Vg3

Snitt på hovedgruppe spørsmålene for Molde videregående skole

Skoleår ● 2021-22 ● 2022-23

Til forsiden



## 3.2 Skolen sine kommentarar og analyse av læringsmiljøet

	Tal
Tal på aktivitetsplanar etter § 9A-4 i opplæringslova	2
Tal på aktivitetsplanar etter § 9A-5 i opplæringslova	0
Tal på enkeltvedtak etter § 9A-7 i opplæringslova	0

Resultata frå Elevundersøkinga viser i all hovudsak få endringar frå føregåande år. I Vg1 er den største endringa på «Støtte hjemmefra», her er det ein tilbakegang på heile 0,3. I Vg2 er det tilbakegang på fleire indikatorar, her legg me særleg merke til ei negativ utvikling både innanfor elevdemokrati og medverknad og trivsel. I Vg3 er utviklinga motsett, her ser me ein positiv framgang innanfor fleire område, både innanfor elevdemokrati, meistring, støtte frå lærar, felles reglar, motivasjon og trivsel. Det ser altså ut til at dei ulike trinna opplever læringsmiljøet ulikt. Det er vanskeleg å vite kva som kan forklare resultata,

og me veit at streiken slo svært skeivt ut – somme klassar mista nesten alle undervising desse vekene, medan andre hadde ein tilnærma normal skulekvardag.

## Trygt og godt skulemiljø

Molde vgs. jobbar mykje med trygt og godt skulemiljø for alle elevar. Me legg vekt på relasjonsbygging og førebygging, for å unngå at det oppstår uheldige sosiale strukturar og kulturar på skulen. Klassemiljø er særleg vektlagt i starten av skuleåret, og me legg stor vekt på trivsel og tryggleik i klasserommet, m.a. gjennom makkerskapsordninga og bli-kjend-aktivitetar. Elevtenestene jobbar særleg retta mot elevar med behov for tilrettelegging og særskilt oppfølging, og gjev råd og rettleiing til kontaktlærarar og faglærarar. Elevar som har stort fråvær vert følgt opp særskilt av miljøteam. Ved bekymring om at nokon ikkje har det trygt og godt på skulen, vert SIM kopla på. SIM vurderer § 9A-saker og fordeler ansvarsoppgåver knytt til utforming og oppfølging av aktivitetsplanar ut frå det som er føremålstenleg i den einkilde saka. Skuleåret 2022–2023 vart SIM utvida til å også inkludere dei fire miljørettleiarane ved skulen, dette fordi dei arbeider tett på elevane og har spesialkompetanse på å observere og tolke åtferd og sosiale relasjonar.

Skuleåret 2022–2023 vart miljøteamet ved skulen utvida frå to til fire miljørettleiarar. Miljøteamet arbeider både med oppfølging av einkilde elevar og grupper med særlege behov, men også breitt inn mot alle elevar ved skulen. Dei kan vere med inn i klasserom og støtte elevar i opplærings situasjonen, dei er synlege rundt omkring i skulemiljøet, og det er lett for både elevar og lærarar å kome i kontakt med dei. Dei arrangerer ulike sosiale aktivitetar i og utanfor skuletida, for å leggje til rette for relasjonsbygging og tilhørslse for elevane. Skuleåret 2022–2023 tok dei over ansvaret for oppfølging av avgangselevane (russen), dette vart ei sær vellingukka ordning.



*Trine (barne- og ungdomsarbeidar), Fride (sosionom), Tone (vernepleiar) og Herman (barnevernspedagog) er miljøteamet på Molde vgs.*

### 3.3 Skolen sine kommentarar og analyse av vurderingspraksis, elevdemokrati og medverknad

	Tal
Møter i Elevråd (inkl. møter i elevrådsstyret)	18
Møter i skolemiljøutval	2
Møter i skoleutval	2

	Ja/nei
Er skolemiljøutval og skoleutval slått saman?	Ja

Elevane er oppfordra til å engasjere seg i råd og utval, og skulen legg til rette for at elevrådet kan møtast i skuletida. Elevrådet har ein kontaktperson (lærer) som følgjer opp arbeidet deira, og gjev særleg støtte og rettleiing til elevrådsstyret. Skulen jobbar for at så mange som mogleg skal svare på Elevundersøkinga, m.a. med premiering av klassane med høgast svarprosent som verkemiddel. Undervisningsevalueringa og Elevundersøkinga vert gjennomført i kontaktlærartida, og elevar som er borte på dagen for gjennomføringa får høve til å svare på undersøkingane seinare.

I utgangspunktet ønskjer Molde vgs. å halde møte i skoleutvalet og skolemiljøutvalet fire gonger pr. skuleår. På grunn av lærarstreik og etterslep etter denne vart det færre møte i 2022-2023. Det er dessverre ei utfordring å nå målet om at elevane skal vere i fleirtal i skolemiljøutvalet.

## 4. Skoleårsresultat

### 4.1 Fullført og bestått – skoleårsgjennomføring

#### 4.1.1 Fullført og bestått, prosent

Fullført og bestått skoleåret 2022-23, prosent	93,2 %
------------------------------------------------	--------

## 4.1.2 Fullført og bestått fordelt på trinn og utdanningsprogram, prosent

Utdanningsprogram:	Vg1	Vg2	Vg3	Vg4	Total
Kunst, design og arkitektur	90,9 %	76,9 %	84,6 %		85,4 %
Musikk, dans og drama	87,0 %	100 %	85,2 %		89,1 %
Innovasjon og leiing	100 %	100 %			100 %
Studiespesialisering	94 %	95,2 %	94,6 %	87,5 %	94,4 %
Påbygging*			88,6 %		88,6 %
Total					93,2 %

\*Vg3 Innovasjon og leiing er rekna inn i påbygging i statistikken

## 4.1.3 Fullført og bestått siste fem år, prosent

	2018-19	2019-20	2020-21	2021-22	2022-23
Molde vgs.	89,3 %	94,5 %	95,6 %	91,3 %	93,2 %
Fylket	87,9 %	91,2 %	91,4 %	89,6 %	87,9 %

## 4.1.4 Skolen sine kommentarar og analyse

Som tabellane i 4.1.1-4.1.3 viser, har Molde vgs. svært god gjennomføring. Det var knytt noko spaning til om gjennomføringsprosenten ville gå ned att etter at dokumentasjonskravet for fråværsgrrensa kom tilbake, men det ser ikkje ut til å ha hatt noko særleg påverknad. Det me må kommentere, er at skulen sette inn mange målretta kompensierende tiltak etter streiken, som me trur har hatt god effekt. Skulen fekk behalde det meste av dei ubrukne lønsmidlane frå streiken til å setje inn tiltak for å kompensere for tapt opplæring. Desse midlane vart brukte på ein svært effektiv og målretta måte, der ein både la til rette for nokre breie tiltak (leksehjelp, auka lærartettleik) som mange elevar kunne nyte godt av, men også meir spissa tiltak på individnivå for elevar som stod i fare for å ikkje fullføre og stå i fag. Slik tett oppfølging ville me ikkje hatt høve til å gje i eit normalår. Me reknar dermed med at det er noko av forklaringa for at gjennomføringsprosenten er så høg som han er i år.

På studiespesialisering var det 31 elevar som ikkje fullførte og stod opplæringa. Ein del av desse elevane er toppidrettselevar som sluttar på skulen pga. overgang til andre klubbar og vidare satsing på idrettskarrieren, og i desse tilfella er det både rimeleg og ønskeleg for elevane å slutte på skulen.

## 4.2 Karaktersnitt

### 4.2.1 Karaktersnitt fordelt på utdanningsprogram

Utdanningsprogram	Karaktersnitt
Kunst, design og arkitektur	4,06
Musikk, dans og drama	4,14
Innovasjon og leiing	4,92
Studiespesialisering	4,37
Påbygging	4,38

### 4.2.2 Karaktersnitt siste fem år

	2018-19	2019-20	2020-21	2021-22	2022-23
Molde vgs	4,18	4,37	4,38	4,41	4,35
Fylket	4,10	4,22	4,26	4,24	4,20

### 4.2.3 Skolen sine kommentarar og analyse

Som tabellane i 4.2.1 og 4.2.2 viser, har Molde vgs. eit godt karaktersnitt. Me ligg over snittet i fylket, noko som også har vore tilfellet gjennom fleire år. Snittet er særleg høgt på innovasjon og leiing, noko som også er rimeleg sidan elevane som går der kom inn med høge inntakspoeng frå grunnskulen. Kunst, design og arkitektur og musikk, dans og drama ligg under fylkessnittet, men også dette er som venta ut frå inntakspoenga frå grunnskulen.

## 4.3 Fråvær

### 4.3.1 Fråvær, gjennomsnittleg dagar og timar. Totalfråvær i prosent per trinn

	Fråvær, dagar	Fråvær, timar	Totalfråvær, prosent
Totalt	7,1	26,5	6,9 %
Vg1	6,8	26,3	6,6 %
Vg2	7,0	24,6	6,6 %
Vg3	7,0	26,3	6,9 %
Vg4	12,2	56,6	13,2 %

### 4.3.2 Totalfråvær siste fem år, prosent

	2018-19	2019-20	2020-21	2021-22	2022-23
Molde vgs.	4,9 %	3,3 %	2,1 %	3,0 %	6,9 %
Fylket	4,8 %	3,5 %	2,5 %	2,7 %	6,6 %

### 4.3.3 Skolen sine kommentarar og analyse

Etter nokre år utan krav om dokumentasjon på fråvær som ikkje skal telje på fråværgrensa, gjekk fråværsprosenten klårt opp i 2022-2023. Det er viktig å nemne at sjølv om prosenten var langt lågare i 20-21 og 21-22, var det reelle fråværet desse åra mykje høgare enn i 22-23. I ein normalsituasjon reknar me med eit totalfråvær på 4-5 %, og som me ser, ligg fråværet høgare enn dette skuleåret 22-23. Ein mogleg årsak til denne auka er at koronakulla har blitt vane med å ha låg terskel for å vere heime om ein kjenner seg litt småsjuk, og ei oppfatning av at fråvær er noko som ein kan få fjerna frå vitnemålet i etterkant.

Me ser at fråværet fordeler seg nokså likt på trinna, men er noko høgare i Vg3. I Vg4 er fråværet svært høgt, dette skriv seg frå ein kombinasjon av toppidrettselevar som ikkje



har ordna med dokumentasjon på idrettsfråværet sitt og einskildelevar som hadde høgt reelt fråvær dette skuleåret.

## 4.4 Elevar som har slutta

### 4.4.1 Elevar som slutta skoleåret 2022-23

Prosent	Tal
1,3 %	9

### 4.4.2 Elevar som har slutta siste fem år, prosent

	2018-19	2019-20	2020-21	2021-22	2022-23
Molde vgs.	1,9 %	1,8 %	0,8 %	1,1 %	1,3 %
Fylket	3,0 %	2,7 %	2,2 %	3,1 %	3,1 %

### 4.4.3 Skolen sine kommentarar og analyse

Som tabellane i 4.4.1 og 4.4.2 viser, er det få elevar som sluttar ved Molde vgs. Talet har gått noko opp frå dei to føregåande pandemiåra, noko som truleg kjem av at dokumentasjonskravet i fråværgrensa kom tilbake dette skuleåret. Dette har ført til at elevar med høgt udokumentert fråvær har fått tydelegare melding om at ein ikkje vil få karakter i fag, noko som kan ha vore medverkande årsak til at dei har valt å avbryte utdanninga. Elles er det som alltid ulike årsaker til at elevar vel å slutte, somme har funne ut at dei er på feil hylle, somme har fysiske eller psykiske helseplager som gjer at dei ønskjer å avbryte opplæringa, og somme har flytta frå regionen pga. idrettssatsing eller familiar årsaker. Det er likevel gledeleg å sjå at dei aller fleste elevane ved Molde vgs. vel å fullføre opplæringa si.

## 4.5 Overgangar

### Overgang mellom ungdomsskule og vidaregåande skule

Det finst gode strukturar for å arbeide med overgangen mellom ungdomsskule og vgs. Skulen deltek på regionsmøta knytt til ordinært inntak og tidleg inntak, og opplever desse som gode arenaer for å samarbeide med ungdomsskulane og KON. Rådgjevarane i ungdomsskulane har naturleg nok ikkje fullstendig oversikt over korleis vidaregåande opplæring fungerer, og desse møta er fine for å ha dialog om område ein bør vere særleg merksame på.

### Skulebesøk, hospitering og open skule

Informasjonsarbeidet ut mot 10.-klassingar i regionen er ein viktig del av arbeidet med overgangen mellom ungdomsskule og vidaregåande skule. Me legg stor vekt på å gje ungdommen god informasjon slik at dei kan velje den vidaregåande utdanninga som er rett for dei. Dette arbeidet har i hovudsak tre delar, som alle vart gjennomførte også skuleåret 2022–2023:

1. Molde vgs. dreg på skulebesøk til ungdomsskular i regionen og informerer om utdanningstilbodet vårt, dette skjer i samarbeid med Romsdal vgs. og Hustadvika vgs.
2. 10.-klassingane kjem på hospitering til skulen, der dei får eit innblikk i korleis det er å vere elev på det aktuelle utdanningsprogrammet og informasjon om vidare karrieremogleikar.
3. Molde vgs. arrangerer open skule i januar, i samarbeid med Romsdal vgs. Dette er ein ettermiddag der elevar og foreldre kan kome på besøk til dei to skulane og få meir informasjon om utdanningstilboda.

Elles informerer Molde vgs. om utdanningstilbodet sitt til nye og gamle elevar og foreldre gjennom nettsidene, i tillegg til Facebook og Instagram. Skuleåret 2022–2023 byrja me ein avtale med Bergmo ungdomsskule om at realfagsklassen deira lånar spesialrom hjå oss ein dag i veka, noko som gjev desse elevane eit innblikk i livet på vidaregåande.

## **Inntaksmøte**

Skulen arrangerer individuelle inntaksmøte på våren for elevar med tidleg inntak og elevar som har hatt spesialundervising i ungdomsskulen. Avdelingsleiar for elevtenestene, skulerådgjevar og PPT deltek på desse møta. Her kan elev og foreldre ha med seg nokon frå avgjevarskulen om dei ønskjer det. Målet med desse møta er å skape ein trygg og god overgang, og at skulen kan planlegge tilretteleggingstilbodet saman med elev og foreldre. Informasjon frå inntaksmøta vert vidareført til kontaktlærarar og faglærarar under planleggingsdagane i august, for å sikre eit godt elevmottak.

## **Kartlegging**

Skulen er særleg merksam på elevar med låge inntakspoeng frå grunnskulen, og kontaktlærarane vert gjort merksame på desse for å følgje med på utviklinga deira. Ved skulestart vert elevane kartlagde i norsk, matematikk og engelsk. Etter fagfornyinga har me dessverre ikkje lenger kartleggingsprøvene frå Udir, som var ein effektiv måte å få oversikt over dei grunnleggjande dugleikane til elevane. No er det fagseksjonane i norsk, matematikk og engelsk som tek ansvar for at Vg1-elevane vert kartlagde. Skuleåret 2022-2023 vart dessverre kartlegginga mangelfull, på grunn av streik. Dette førte til at det tok lengre tid før ein fekk oversikt over elevgruppa. Minoritetsspråklege elevar vert kartlagde med eigne kartleggingsverktøy ved skulestart og får vedtak om rett til særskilt språkopplæring dersom kartlegginga viser behov for det.

## **Elevar med nynorsk som hovudmål**

Molde vgs. har dei siste åra satsa på god overgang for elevar med nynorsk som hovudmål, med utgangspunkt i den nye språkløva gjeldande frå 01.01.22 som mellom anna legg vekt på det offentlege sitt ansvar for å fremje nynorsken som det minst bruka skriftspråket. Arbeid for å gjere det lett å halde på nynorsken er etter vår meining ein måte vidaregåande skular kan etterleve dette. Skuleåret 2022-2023 vart dette arbeidet endå meir systematisk, og Molde vgs. har også vore med som nøkkelaktør i utarbeidinga av skulemålsplanen i fylkeskommunen, som har vore leidd av Olav Drangeid.


## Overgang mellom trinn

Skulen har system for å sikre god overgang mellom trinn. Eit grunnleggjande mål i skuleårsplanlegginga er å sørge for kontinuitet på lærarsida, så langt det lèt seg gjere. Dette vil seie at ein arbeider for at kontaktlærarane får følgje klassane sine gjennom tre/fire år, og at lærarar i gjennomgåande fag som norsk, historie, kroppsøving og framandspråk får følgje gruppene til neste trinn. Dette er ikkje alltid praktisk mogleg å få til, og her prioriterer skulen å sikre kontinuitet i dei klassane/gruppene der det er sårbare elevar eller elevar med særlege tilretteleggingsbehov. Kontaktlærarane har møte med kontaktrådgjevar for klassen ved skulestart, der viktig informasjon om elevar vert gjeven. Denne informasjonen vert vidareformidla til faglærarane til dei aktuelle elevane gjennom klasselærarråd, og vidare følgt opp i trekantsamtalar.

## Overgang til høgare utdanning og karriererettleiing

### Informasjon om fagval og vidare studium

Alle klassar ved skulen har ein eigen kontaktrådgjevar, som mellom anna har som oppgåve å drive karriererettleiing i den aktuelle gruppa. Studiespesialisering er det største utdanningsprogrammet ved skulen, og skulen jobbar mykje med val av programområde og programfag. I Vg1 skal elevane etter kvart velje kva for retning dei ønskjer å gå innanfor det studiespesialisierende utdanningsløpet, noko som vil påverke kva for mogleikar ein har etter vidaregåande. Skulerådgjevarane og administrative rådgjevarar er sentrale i dette arbeidet, og på hausten får elevane informasjon om reglane for fagval, og kva dei ulike vala kan innebære. I januar arrangerte me «Infotek», der elevane kan besøke dei ulike programfaga på stand for å få eit inntrykk av kva faga går ut på. Både Vg1 og Vg2 deltek på Infotek. I Vg3 arbeider ein med karriererettleiing og val av vidare



Bilete frå Infoteket skuleåret 2022–2023

utdanning innanfor alle programområda ved skulen. Skulerådgjevarane har eigne undervisingsopplegg for dette, og elevane deltek på studieorienteringsdagen i januar.

### **Yrkesretting, bedriftsbesøk og kontakt med næringslivet**

Alle utdanningsprogramma ved Molde vgs. er studieførebuande, noko som vil seie at det er ei sentral oppgåve for skulen å gjere elevane godt førebudde til det som ventar i høgare utdanning. Samstundes er me opptekne av å vise elevane kva for yrkesmogleikar som finst for elevar som går studieførebuande løp, noko me m.a. gjer ved å gjennomføre ekskursjonar og bedriftsbesøk. Skuleåret 2022-2023 var elevar ved skulen m.a. på besøk hjå Norconsult, Hustadmarmor, Molde sjukehus og Molde vann og avløp, for å nemne noko. Elevane ved Innovasjon og leining har mykje kontakt med lokalt næringsliv, både gjennom bedriftserfaring, arbeid med ungdomsbedrift og samarbeid med Høgskolen i Molde. Elevane ved landslinje for jazz har eit tett samarbeid med institutt for musikk ved NTNU og Moldejazz, der dei m.a. får innblikk i ulike karriereveggar innanfor musikk- og produksjonsfeltet. Elles har skulen faste samarbeid med Bjørnsonfestivalen og Romsdalsmuseet, som gjev innblikk i yrkesmogleikane innanfor ei rekkje ulike område som t.d. historie, samfunn, politikk, religion, språk, litteratur og kultur.



*Naturfag i 1C på besøk på radiologisk avdeling ved Molde sjukehus*



*Geofag 1 studerer kvikkleire i laben hos Norconsult*

# 5. Leiing og profesjonsutvikling

## Profesjonsutvikling

Vurderingspraksis har vore eit satsingsområde for Molde vgs. gjennom fleire år, ikkje minst i samband med innføring av Kunnskapsløftet og ny vurderingsforskrift. Dette har også vore eit sentralt tema skuleåret 2022–2023, både i heile kollegiet, i fagseksjonar og i faglag. Her har varierte vurderingsmetodar og vurdering som integrert del av opplæringa vore sentrale tema for arbeidet. Innanfor norskfaget har ein halde fram med Dekom-samarbeidet med Høgskulen i Volda om munnleg vurdering. Som eit resultat av dette prosjektet har ein av norsklærarane ved Molde vgs. halde innlegg på LNU-konferansen (landslaget for norskundervising) saman med Høgskulen i Volda, og ho har også vore brukt som føredragshaldar for lærarstudentar, høgskuletilsette og lærarar både i og utanfor fylket.



*Norsklærar Anne Jorunn Oterhals og Kristin Sjøhelle frå Høgskulen i Volda held føredrag om munnleg vurdering under LNU-konferansen i Trondheim august 2022.*

Frå og med hausten 2022 har Molde vgs. v/avdelingsleiar Celia Berg fått ansvaret for å leie det fylkeskommunale fagnettverket i norsk. Molde vgs. deltek aktivt i ulike vurderingssamarbeid med andre skular i regionen, der målet er at faglærarane får kalibrere seg og leggje til rette for ei mest mogleg rettvis vurdering gjennom året. Skuleåret 2022–2023 vart det arrangert slike vurderingsverkstader i engelsk og historie. Vanlegvis har ein slike treff også i norsk og framandspråk, men dette vart ikkje gjennomført i desse faga i år som følgje av streik.

## Vidareutdanning og kompetanseheving

Med fagfornyinga kom programmering inn for fullt i mange fag, særleg innanfor realfaga. Her har me hatt behov for å auke kompetansen vår, sjølv om me har fleire lærarar med

vidareutdanning innanfor programmering. Skuleåret 2022–2023 hadde me ein lærar som tok vidareutdanning innan programmering gjennom Kompetanse for kvalitet (KFK). I tillegg tok ein lærar vidareutdanning innanfor karriererettleiing. Tilsette ved skulen har elles delteke på ulike kurs og konferansar gjennom skuleåret, som t.d. NKUL, Nasjonal lesekonferanse, Beitokurset og landskurset for rådgjevarar.

Molde vgs. rekrutterer mange sensorar til skriftleg sentralgjeven eksamen. Dette er eit viktig vurderingsfellesskap på landsbasis, og me opplever det som både nyttig og viktig å vere godt representerte her. Våren 2023 var to representantar frå Molde vgs. med som oppmenn og leia sensorskuleringa for norsk hovudmål og sidemål i regi av Udir, og me har også lærarar inne som fagpersonar i oppgåvenemndene i både psykologi og musikkfag.

Ein del av samfunnsoppdraget vårt er å ta i mot studentar og lærlingar. Molde vgs. har også i år vore praksisplass for fleire studentar, både innanfor pedagogiske fag (PPU) og vernepleie. IKT-avdelinga ved skulen har som tidlegare år hatt ansvar for yrkesopplæringa til to lærlingar innanfor IKT-servicefaget og IT-driftsfaget.

### **Pedagogisk leiing**

Pedagogisk leiing er sentralt for leiargruppa ved Molde vgs, og det er også ei sentral årsak til omorganiseringane ein har gjort i avdelingsstrukturen det siste året. Målet er at dei pedagogiske avdelingsleiarane skal få meir tid til å drive pedagogisk leiing og oppfølging av lærarane, og overlata fleire av dei administrative oppgåvene til staben. Det pedagogiske leiarteamet møtest jamleg for å drøfte, planlegge, gjennomføre og evaluere det pedagogiske arbeidet ved skulen.

## Samarbeid

Møre og Romsdal fylkeskommune står overfor store utfordringar i framtida, og eit godt samarbeid innanfor utdanningsfeltet er avgjerande for å kunne gje ungdommane våre god opplæring i åra som kjem. Molde vgs. og Romsdal vgs. har dei siste åra fått eit nærare samarbeid enn tidlegare, og rektorane på dei to skulane har jamleg dialog om ulike tema som vedkjem leiing og drift av dei to skulane. Dette vart m.a. vist fram under

Organisasjonskonferansen i Ålesund i mars

2023. Rektorane og ass. rektorane har også hatt uformelle møte der ein har diskutert ulike saker, og målet med å ha eit slikt forum er m.a. å skape tillitsfulle og gode relasjonar som ein kan byggje vidare samarbeid på, og at ein kan bruke kvarandre som støtte i den krevjande kvardagen ein står i som rektor og ass. rektor.

Leiardialogen mellom kompetansesjefen og skuleleiinga er eit anna forum for samarbeid som er viktig for den vidare utviklinga av Molde vgs. Her går me strukturert gjennom ulike sider ved leiing og profesjonsutvikling ved skulen, og diskuterer utfordringar og mogleikar som ein står overfor. Molde vgs. opplever å ha eit tillitsfullt og godt samarbeid med kompetanse- og næringsavdelinga.



*Leif Magne Lervik (Molde vgs.) og Ivar Rød (Romsdal vgs.) på scena under Organisasjonskonferansen*





Møre og Romsdal  
fylkeskommune

---

[mrfylke.no](http://mrfylke.no)